

Velkomen til sommarkurs!

Vi takkar for påmeldinga til sommarkurs! Du er meldt på til **Musikkveka på Fjordane Folkehøgskule på Nordfjordeid, søndag 5. juli til laurdag 11. juli 2015.**

44 deltakarar er påmelde i skrivande stund (8.juni 2015) på Musikkveka. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

Frammøte: Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid, **søndag 5. juli mellom kl. 14 og 15.**

Konsert: Gallakonsert/avslutningskonsert på folkehøgskulen **laurdag 11. juli kl. 13.30.** Ta med familie, vener, slekt, naboar og andre musikkinteresserte! Dette er resultatet av ei uke med hard jobbing for musikantar og instruktørar. Det blir eit spanande og variert program, og heilt garantert ei oppleving for publikum.

Opphald: Innkvartering med sovepose/dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom. Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom. Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat pluss matpakke lunsj. Sjølvsagt blir det tilsyn av vakse personale heile døgnet.

Musikalsk leiar for kurset er John Phillip Hannevik og leirsjef er Brynjar Mjanger Eide. Oversikt over alle lærarane på kursa ligg ute på NMF Nordvest sine heimesider.

Kva skal eg ha med? Sjå neste side.

Reglement: Alle deltakarane må følge kursreglementet (sjå neste side).

Viktig! Viss du ikkje kan møte på kurset likevel, må du gje beskjed til regionkontoret **snarast råd.** Beskjed om dette gjer du på e-post nordvest@musikkorps.no, tlf. 45414522. Dersom du vert sjuk må du få sjukemelding/ legeattest som må sendast til kontoret snarast råd. Då vil du få kursavgifta refundert. **Påmeldinga er bindande, og kursavgifta vert ikkje refundert utan legeerklæring.**

Lurer du på noko? Ikkje nøl med å ta kontakt med regionkontoret!

Det vert ikkje sendt ut fleire infobrev enn dette før kurset. All vidare informasjon vert å finne på NMF Nordvest sine heimesider www.musikkorps.no/nordvest.

Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen til sommarkurs 2015!


Beste helsing

NMF Nordvest
Ingrid Sofie Nygaard
Dagleg leiar, NMF Nordvest



Sjå neste side...





SOMMARKURS 2015

Hugs å ta med:

- ☺ Feilfritt instrument med tilhøyrande utstyr
- ☺ Notestativ (hugs å merke med namn!)
- ☺ **Dyne/sovepose, laken og ev. pute**
- ☺ BLYANTAR OG VISKELÊR
- ☺ Note- og skrivebok
- ☺ Toalettsaker
- ☺ **Handkle**
- ☺ Personlege medisinar
- ☺ Treningskle/ joggesko
- ☺ Svart bukse/skjørt og kvit skjorte/bluse til avslutningskonserten
- ☺ Innesko
- ☺ Drikkeflaske

Slagverkarane


skal òg ha med:

(NB! Hugs å merke utstyret godt!)

- ☺ Lilletromme/ skarptromme med stativ
- ☺ Stikker, køller, vispar
- ☺ Øvingstromme
- ☺ Solonotar dykk vil jobbe med



Reglement:



- 1 Elevane pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på musikkleiren.
- 2 Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke- og etetider skal overhaldast.
- 3 Elevane skal møte opp i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen tek til.
- 4 Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan løyve frå leirsjef.
- 5 Røyking er forbode innandørs.
- 6 All bruk av alkohol og andre rusmiddel er forbode.
- 7 Det skal vere sovero på romma frå kl 23.00 til 07.00.
- 8 Brot på reglementet vil føre til utvising frå musikkleiren utan tilbakebetaling av kursavgifta. Rapport vert sendt til korps og regionstyret.

... og alle kjem sjølvsagt til sommarkurset med godt humør og speleglede!

VELKOMEN PÅ SOMMARKURS!

Lurer du på noko? Meir informasjon får du på regionkontoret:

Tlf 45414522, e-post nordvest@musikkorps.no





Sommerkurs 2015

INSTRUKS FOR MEDISINERING

Skal leveres til administrativ leder på sommerkurset ved innsjekk

Formål:

- Sikre at deltakere får riktige medisiner til rett tid mens de er på sommerkurs
- Sikre at lederne på kurset har tilstrekkelig kunnskap til å kunne påta seg medisineringsoppgaven

Gjelder alle typer medisiner, også naturmedisiner og medisiner som er unntatt fra reseptplikt; allergimedisin, febernedsettende osv.

Barnets navn _____ Fødselsdato _____

Beskrivelse av hva som skal gis og hvordan:

Før på; Medisin navn -styrke- form / Mengde / tidsintervall / Maks total dose pr dag, Skal barnet ta medisinen selv?

I hvilke situasjoner skal behandling gis:

Beskrivelse av anfall ved ulike typer allergier, astma m.m:

Når kontaktes foresatte:

Før også på navn og telefon foresatte

Dato _____ Underskrift foresatt(e) _____

Telefon foresatte _____